



# Høgskulen på Vestlandet

## Bacheloroppgave

BACH301-OBE-2023-VÅR-FLOWassign

### Predefinert informasjon

<b>Startdato:</b>	11-05-2023 09:00 CEST	<b>Termin:</b>	2023 VÅR
<b>Sluttdato:</b>	25-05-2023 14:00 CEST	<b>Vurderingsform:</b>	Norsk 6-trinns skala (A-F)
<b>Eksamensform:</b>	Bacheloroppgave - Bergen		
<b>Flowkode:</b>	203 BACH301 1 OBE 2023 VÅR		
<b>Intern sensor:</b>	(Anonymisert)		

### Deltaker

<b>Kandidatnr.:</b>	521
---------------------	-----

### Informasjon fra deltaker

<b>Antall ord *:</b>	10740
----------------------	-------

**Egenerklæring \*:** Ja  
**Jeg bekrefter at jeg har** Ja  
**registrert**  
**oppgavetittelen på**  
**norsk og engelsk i**  
**StudentWeb og vet at**  
**denne vil stå på**  
**vitnemålet mitt \*:**

### Gruppe

<b>Gruppenavn:</b>	(Anonymisert)
<b>Gruppenummer:</b>	7
<b>Andre medlemmer i gruppen:</b>	507, 504

Jeg godkjenner avtalen om publisering av bacheloroppgaven min \*

Ja

Er bacheloroppgaven skrevet som del av et større forskningsprosjekt ved HVL? \*

Nei

Er bacheloroppgaven skrevet ved bedrift/virksomhet i næringsliv eller offentlig sektor? \*

Nei

## BACHELOROPPGÅVE

«Hjelp - Eg vil så gjerne bli forstått!»

*Korleis legg barnehagelærarar til rette for sosial inkludering av barn med språkvanskar, i barnegruppa?*

“Help – I really want to be understood!”

*How do kindergarten teachers facilitate social inclusion of children with language difficulties, within a group of children?*

**Kandidatnummer: 521, 507 & 504**

BACH301

Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett

Institutt for pedagogikk, religion og samfunnsfag

Barnehagelærerutdanninga

Rettleiar: Kjerstin Sjursen

Innleveringsdato: 25.05.23

Mengde ord: 10740

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle

kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.

## Forord

Me har no gått tre år på barnehagelærerutdanninga ved Høgskulen på Vestlandet, campus Kronstad. Det har vore tre fine år der me har tileigna oss kunnskap, erfaringar, vennskap og gode minner. Våre tre år på HVL har vore prega av Covid-19 og digitale førelesingar. Me er takknemlege for at me har fått gjennomføra all praksis og at me har fått oppleve mykje fysisk oppmøte i våre tre siste semester. I dag sit me stolte over oss sjølve for at me har komme heilt til endestykket og går ut som ferske og kunnskapsrike barnehagelærarar.

I den anledning vil me gje ein stor takk til vår rettleiar Kjerstin Sjursen og hennar innsats for oss studentar. Takk for engasjementet ditt og at du vil det beste for oss. Me har opplevd deg som ein trygg og dyktig rettleiar. Stor takk òg, til våre informantar, som stilte til intervju, og engasjementet dei viste for temaet vårt. Me vil også takka Jorunn Tonning Neteland for korrektur.

Til slutt må me gje oss sjølve ein klapp på skuldra for oppgåva me har skrive. Prosessen har vore lærerik og gjeve oss gode minner.

Bergen, mai 2023

## Abstract

In this study we examined the question of how the kindergarten teacher facilitate social inclusion of children with language difficulties within a group of children. The purpose of this study is to identify different methods that helps including the child with language difficulties within a group of children.

To get knowledge about different methods, we chose to conduct three interviews with kindergarten teachers from three different kindergartens. In addition, we tried to find theory about the subject that was already used in the field.

The study gave us knowledge about how the kindergarten teachers practice different methods and how they have an effect on social inclusion. We also discovered that one method, that is called "Teikn-til-tale", which means that you use signs with your hands to support the verbal speech, is useful. We find this method important and that it's barely used by the kindergarten teachers we interviewed. That the method is barely also something we have experienced while having our internships.

## Innholdsliste

<b>Forord</b> .....	<b>2</b>
<b>Abstract</b> .....	<b>3</b>
<b>Innholdsliste</b> .....	<b>4</b>
<b>1.0 Innleiing</b> .....	<b>6</b>
1.1 Val av tema .....	6
1.2 Problemstilling .....	7
1.3 Omgrepsavklaring .....	7
1.4 Avgrensing .....	8
<b>2.0 Teori</b> .....	<b>9</b>
2.1 Korleis opplever barnehagepersonell barn med språkvanskar i samspel med andre barn? .....	9
2.2 Kvifor er det viktig å vera ein del av ei barnegruppe? .....	10
2.3 Når det allmennpedagogiske tilbodet ikkje strekk til.....	11
2.4 Teori om ulike metodar og tiltak .....	12
2.5 Foreldresamarbeid .....	14
<b>3.0 Metode</b> .....	<b>14</b>
3.1 Val av metode .....	14
3.2 Intervju.....	15
3.3 Informantar.....	16
3.4 Ethiske omsyn .....	18
3.5 Reliabilitet og validitet .....	18
3.6 Metodekritikk.....	19
<b>4.0 Empiri og funn</b> .....	<b>19</b>
4.1 Viktigheita av samarbeid med spesialpedagogen og logopeden .....	20
4.2 Metodar som har fungert for alle barnehagelærarane.....	21
4.3 Faktorar som har negativ påverknad på utvikling .....	23
<b>5.0 Drøfting</b> .....	<b>23</b>
5.1 Barnehagelæraren sitt arbeid med empati, respekt og likeverd.....	24
5.2 Tiltak retta mot sosial inkludering.....	25
5.3 Ytre faktorar som påverkar arbeid retta mot enkeltbarnet.....	27
5.4 Teikn til tale - TTT .....	29
<b>6.0 Avslutning</b> .....	<b>30</b>
<b>Litteraturliste</b> .....	<b>31</b>

<b>Vedlegg 1 – Godkjenning frå SIKT .....</b>	<b>35</b>
<b>Vedlegg 2 – Informasjonsskriv.....</b>	<b>36</b>
<b>Vedlegg 3 – Intervjuguide .....</b>	<b>39</b>
<b>Vedlegg 4 – Analyse av funn .....</b>	<b>42</b>

## 1.0 Innleiing

“Språket er det viktigste verktøyet vi har for kommunikasjon og samhandling med andre.” (Vygotskij, 2001, referert i Lyster, 2021, s. 215). Kva skjer med menneska som ikkje kan gjera seg forstått gjennom det verbale språket? I bacheloren ynskjer me å finna ut kva ein kan gjera for å inkludera barn som har lettare for å verta ekskluderte av jamaldringar på grunn av manglande eller uforståeleg verbalspråk. Me meiner at å vera ein del av noko der alle vert sett på som likeverdige er noko alle treng i livet.

I bacheloren vil me presentera val av tema, problemstilling, avgrensing og omgrepsavklaring. Dette vil skapa ei oversikt over kvifor me har valt å skrive om språkvanskar. Teoridelen vil gjere eit djupare innblikk i viktigheita av å vera del av ei barnegruppe. Vidare ser me og på ulike metodar som har vore praktiserte i høve tema, for å inkludera barn med språkvanskar. Deretter viser kapittelet om metode korleis me har gått fram for å samla inn funn. Funn vil vidare bli presenterte i kapittelet om empiri og funn. Til slutt kjem drøftinga, der me reflekterer over funn og teori.

### 1.1 Val av tema

Bakgrunnen for val av tema handlar for det fyrste om verdien me ser av å vera i sosiale fellesskap i barnehagen. Interessa vår for å finna gode metodar for å utvikla sosial kompetanse hos barn er stor. Ifølgje rammeplan for barnehagen er sosial kompetanse ein føresetnad for å fungera godt saman med andre og omfattar ferdigheiter, kunnskapar og haldningar som vert utvikla gjennom sosialt samspel (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 21-22). Ut frå det rammeplanen skildrar, ser me at om barna skal fungera i eit sosialt samspel, er kommunikasjon heilt sentralt. For barn med språkvanskar er verbal kommunikasjon vanskeleg. Me vil difor sjå på andre kommunikasjonsmåtar barn med språkvanskar kan nytta seg av, slik dei lettare kan kommunisera og ha sosiale samspel med jamaldringar. Slik kan me skapa gode føresetnadar for at barn med språkvanskar skal få delta i leik i dei daglege rutinar i like stor grad som barna som ikkje har slike utfordringar.

For det andre valde me språkvanskar som tema, for me har erfart korleis desse barna veldig fort kan verta utestengde i leik, då andre barn ikkje forstår det barnet vil kommunisera. I tillegg skriv Kari Nergaard at å verta avvist og utestengt frå andre sin leik i barnehagen vert opplevd som vonde og stressande hendingar for barn (2021, s. 163). Difor vil me jobba førebyggjande med utestenging når me sjølve skal ut i jobb. Me er samde om at det er ein stor og viktig del av arbeidet. Då er det lurt å ha god kunnskap om tema. Me tykkjer barna med



språkvanskar står i ein sårbar situasjon, og har ikkje lyst å stå på sidelinja og sjå at barna skli ut frå sosiale settingar. Mest sannsynleg ber dei preg av einsemda resten av livet. Alle barn fortener ein barndom der dei opplever å verta sett, høyrte, inkludert og kjenner på glede saman med jamaldringar.

Ein tredje grunn for valet er at me har valfaget LEK301 som står for leik og læring for alle. I dette faget lærer me og tileignar oss kunnskap om korleis me kan skapa ein barnehagekvardag med leik og læring tilpassa alle barn. I oppgåva får me brukt kunnskapen, tileigna oss fordjuping innan språkvanskar og innblikk i korleis objekt-barnehagane jobbar med dette temaet.

### 1.2 Problemstilling

Problemstillinga me har valt er formulert slik: *Korleis legg barnehagelærarar til rette for sosial inkludering av barn med språkvanskar, i barnegruppa?* I denne oppgåva er fokuset på barn i alder tre til seks år då dette er aldersgruppa der verbal kommunikasjon står ganske sentralt for å vera med i leik. Me vil prøva å finna andre kommunikasjonsmetodar barna kan ta i bruk for å leika med kvarandre.

### 1.3 Omgrepsavklaring

Problemstillinga vår handlar om barn med språkvanskar. Høigard (2019) skriv at språkvanskar dreier seg om vanskar med forståing og bruk av ord. Ein klassifiserer vanskane ut ifrå kva aspekt med språket vanskane ligg. Barn kan ha ulike grader på kor alvorlege språkvanskane kan vera, og ulik grad på kor tilfredsstillande utviklinga er (Selås, 2017b, s. 183). Når eit barn har språkvanskar ein ikkje veit eller finn årsaka til vil det bli kalla spesifikke språkvanskar (Selås, 2017b, s. 184). Språk kan vera ein viktig føresetnad for å utvikla sosial kompetanse. Det er ein ferdigheit som er viktig og handlar om å meistra samspelet med andre og lykkast i omgang med andre (Askland & Sataøen, 2019, s. 145). Rammeplan for barnehagen skriv også at sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungera godt saman med andre. Det omfattar ferdigheiter, kunnskapar og haldningar som blir utvikla gjennom sosiale samspel (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 22). Desse ferdigheitene, kunnskapane og haldningane handlar blant anna om barn si sjølvkjensle, prososiale åtferd, sjølvhending, sjølvkontroll og evne til empati. Ved god sosial kompetanse har barnet moglegheit til å tilpassa seg og vera ein synleg og likeverdig deltakar i fellesskapet (Utdanningsdirektoratet, 2012). Då er det lettare for barnet å inkludera og bli inkludert i fellesskapet. I vår problemstilling har me valt å setja fokus på sosial inkludering. Ifølgje

Statleg Spesialpedagogisk Teneste (2022) handlar omgrepet om korleis det sosiale miljøet er inkluderande. Dei skriv også at det handlar om at alle har ei reell moglegheit til å kjenna på sosial tilhøyrse og utvikla sosiale relasjonar med sine jamaldraldringar.

#### 1.4 Avgrensing

I vår bacheloroppgåve har me valt å fokusera på barn med språkvanskar og korleis ein får inkludert desse barna inn i barnegruppa. Me har alle har observert at barn med språkvanskar eller språkutfordringar ofte fell utanfor leiken.

Aldersgruppa me har plukka ut er dei frå tre til seks år. Det er i den aldersgruppa ein ofte kan merka større forskjellar i språket, altså med tanke på kven som til dømes ligg bak i språkutviklinga. Barn i alderen tre til seks år, brukar språket mykje i leik, som kommunikasjon, i konflikhtar, i forhandlingar og når dei uttrykkjer kjenslene sine. Det er difor viktig at ein hjelper dei barna som har språkutfordringar, då dei ikkje klarer å uttrykkja seg med ord, ikkje blir forstått, eller at dei ikkje forstår andre. Det kan vera frustrerande for barnet, og det er nettopp derfor me har valt å finna ulike metodar for å hjelpa barna.

Metodar som kan hjelpa barn med språkvanskar, kan også hjelpa fleirspråklege barn som ikkje kan norsk. Det å vera fleirspråkleg er ikkje ein språkvanske i seg sjølv, men kan hjelpa barna til å gjera seg forstått, forstå andre og læra språket. Ifølgje ein studie Torbjørnsen har utført, meiner barnehagelærarane at dei kan sjå på kroppsspråket til ungane at dei vert glade for å få teikn som støtte til tale (Torbjørnsen, 2023, s. 83). Me vil få fram at metodane me skriv om kan koma til bruk for fleirspråklege barn. Derimot vil me i teksten ha fokus på barn med språkvanskar.

Me har også valt å fokusera på korleis barnehagelærarar jobbar med inkludering av barn med språkvanskar, då dei har ei utdanning og kompetanse om temaet og barna. Ifølgje rammeplanen skal personalet «stimulere den verbale og ikkje-verbale kommunikasjonen til barna og leggje til rette for at alle barn blir involverte i samspel og samtalar» (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 23). Ut i frå dette vil me finna ut meir om kva metodar barnehagelærarar har gjort som har fungert, kva som ikkje har fungert og om barnet har hatt spesialpedagog eller logoped. Me skal undersøkje om dei har gjort tiltak i høve enkeltbarnet, og kor vidt heile personalgruppa har vore delaktige. Fokuset vil vera barnehagelærarar fordi dei har ei treårig utdanning. Dette er og same utdanninga me tek og vår framtidige yrkestittel. Me vil også koma inn på samarbeid med foreldra til barn som har språkvanskar. Det vil ikkje vera eit stort fokus på akkurat dette då det ikkje er hovudfokuset i problemstillinga. Grunnen

til at me tek det med er at det har så mykje å sei for god kvalitet i oppfølging av barnet sidan foreldra kjenner barnet best. Barnehagen og foreldra ser barnet i ulike settingar. Det kan vera avgjerande for tiltak og at alle kjenner til korleis barnet har det både i barnehagen og heime.

## 2.0 Teori

I teorikapittelet skal me presentera teori me ser relevant for vår problemstilling. Kapittelet består av fem delkapittel. Fyrste del “korleis opplever barnehagepersonell barn med språkvanskar i samspel med andre barn?” har me valt å ta med fordi dette er sentralt for vår problemstilling. Vidare i andre del har me teke for oss kvifor det er viktig å vera del av ei barnegruppe. Me valde dette då me ser viktigheita i at barn er sosiale med andre, samt utvikling av sosial kompetanse. I del tre finn ein “når det allmennpedagogiske tilbodet ikkje strekk til”. Setninga er for å framheva barn med språkvanskar i det offentlege systemet og visa til at dei har rettar i norsk lov. I del fire har me skrive om foreldresamarbeid, då me ser at foreldresamarbeid er eit viktig tema når det kjem til barn med språkvanskar. I det siste delkapittelet har me skrive teori om ulike metodar og tiltak ein kan nytta når ein har eit barn med språkvanskar. Dette er metodar og tiltak me har tileigna oss kunnskap og erfaring om gjennom utdanningsløpet.

### 2.1 Korleis opplever barnehagepersonell barn med språkvanskar i samspel med andre barn?

I ei tidelegare skrive masteroppgåve har Ludvigsen (2022) intervjuar fem barnehagelærarar. Tre av fem intervjuobjekt har i denne studien sagt at dei i møte med barn sine språkvanskar, opplever at samspelet og leiken med andre barn er utfordrande. Dei seier vidare at i fleire av tilfella manglar barna leikekodar og uthald for å vera med i leiken. Konsekvensane av dette kan til dømes verta at barna med språkvanskar vert tildelte enkle roller der dei gjerne ikkje skal seia noko meir enn til dømes ein dyrelyd. Å ha ein dyrelyd i oppgåve gjer kanskje leiken keisam og einsforming. Dette gjer at barna kanskje går ut av leiken då dei ikkje får delteke på lik linje med resten.

Vidare seier fyrsteamanuensis Inger Kristine Løge at barn med språkvanskar ofte fell utanfor leik fordi dei ikkje klarar uttrykkja det dei tenkjer. Dette er ei stor utfordring for dei, sidan dei ikkje greier spørja om å få vera med i leiken, setja i gang leik eller delta like mykje som resten. Konsekvensane her vert ofte at dei heller øydelegg leiken for dei andre barna i frustrasjon (Løge, 2011).

## 2.2 Kvifor er det viktig å vera ein del av ei barnegruppe?

Ifølgje Askland og Sataøen (2019) er det barnehagelæraren sitt ansvar å hjelpa barn og byggja opp relasjonar med andre barn. Det er difor viktig at me finn gode metodar, til barn med språkvanskar, som kan hjelpa dei i samspel. Me er opptekne av dette fordi det å ha gode relasjonar til jamaldringar er eit livsnaudsynt grunnlag for tilpassing til seinare familie-, arbeids- og samfunnsliv (Askland & Sataøen, 2019). Forfattarane kallar ungar utan gode barn-barn-relasjonar for *barn i faresona* (Askland & Sataøen, 2019, s. 69). Rutter og Rutter seier at det er godt dokumentert at ei rekkje psykiske problem hos vaksne stammar frå problem i samband med kameratrelasjonar i barne- og ungdomsalderen (2000, referert i Askland & Sataøen, 2019, s. 69). Denne påstanden kan me også støtta ved å trekkja inn det Nergaard skriv om utestenging av jamaldringar. Ho fortel at den sosiale leiken og barn-barn-relasjonane har stor innverknad på barn sin trivsel og tilhøyrsløse i barnehagen. Konsekvensane av negative sosiale opplevingar er skadelege for barn si psykiske helse og vidare sosiale og emosjonelle utvikling (Bratterud et al., 2012; Godleski et al., 2015; Stenseng et al., 2015, referert i Nergaard, 2021, s. 172-173). Når me les om konsekvensane av å ikkje ha gode venskapsrelasjonar til jamaldringar tenkjer me at det er veldig viktig å vera klar over dette når me skal jobba med barn. Endå viktigare er det å finna gode tiltak for å førebyggja og avgrensa. Det er i tillegg, som nemnt over, eit ansvar me vil få i jobbsamanheng. Når barn er ein del av ei barnegruppe meiner me at det føreset at barnet har relasjonar til eitt eller fleire av resten av barna. Poenget er altså at for å vera ein del av gruppa lyt ein ha evne og moglegheit til å danna seg venskapsrelasjonar med andre barn, og det vil me hjelpa dei med.

Ein anna grunn til at det er viktig å vera del av ei sosial gruppe handlar om meiningsskaping, som ifølgje Nordtømme er grunnleggjande menneskeleg (Dewey, 1997, Merlau-Ponty, 1994, referert i Nordtømme, 2013, s. 32). Forfattaren definerer meiningsskaping som prosessar der møter, dialogar, samhandling og forteljingar inngår (Nordtømme, 2013, s. 32). Me søker meining i ulike fellesskap der me lever våre liv. Barn har god moglegheit til å søkja meininga dei treng i avdelingsgruppa si i barnehagen. Det er ei gruppe barnet er godt kjent med og skal vera trygg å utfalda seg i. For å få til å skapa denne meininga er det ein føresetnad og ikkje berre vera rundt og med gruppa, men ein del av ho – då treng barnet sosiale ferdigheiter. Eit døme på at me treng moglegheit til å skapa meining er at barn kan danna venskapsrelasjonar med felles meiningsskaping (Nordtømme, 2013).

Grunn nummer tre handlar om sosial kompetanse. Gjennom å meistra samspel med andre barn vil barn utvikla denne ferdigheita (Lamer, 2014, referert i Askland & Sataøen, 2019, s.

145). For at ein kan seia at barnet meistrar samspel med andre, må barnet ta omsyn til handlingane og intensjonane til andre barn når dei er saman. For å ta omsyn til det andre barnet er kommunikasjon sentralt. Her er det ikkje nødvendigvis verbal kommunikasjon, men det er uansett viktig at dei vaksne har lagt til rette for eit miljø der barna kan forstå kvarandre sine signal slik at språket ikkje set ein stoppar for utviklinga av samspelet. Me har sjølv erfart at barn med språkvanskar har store utfordringar med å koma inn i ei barnegruppe når dei byrjar i barnehagen. Barnehagelæraren lyt leggja til rette for at barnet enklare skal få innpass i barnegruppa. Hvidsten meiner at regelmessige og metodiske observasjonar over tid kan gje eit nyansert bilete av korleis ein kan leggja til rette vidare for å styrka barnet sin sosiale kompetanse (Hvidsten, 2021, s. 141).

Siste grunn me vil visa fram som ein sentral del av barn si utvikling og grunn til å få vera del av ei barnegruppa, er trivsel. Noko av det me har skrive over hjelper på barn sin trivsel, men me vil tydeleggjera viktigheita av å ha ein god kvardag som inneberer glede og fellesskapskjensle. Barn har til dømes behov for å leika i kvardagen sin. Å ha nokon og gå til når ein vil, dette hjelper på trivsel og mykje av utviklinga barnet skal gjennom.

Som me skriv om i denne delen av teksten, er det mykje barn skal utvikla og meistra i ung alder. Glaser skriv at når barn får leika og fantasera mykje kan dei lettare forstå seg på andre forhold som føregår rundt dei utanfor leiken. Ho nemner at leik er barn si livsorientering (2021, s. 76). Det er difor viktig at me gjer rom for frileik slik barna får utvikla også denne eigenskapen. Dette er i praksis eit enkelt tiltak, men det er viktig å vera klar over at frileiken opnar opp for dette.

### 2.3 Når det allmennpedagogiske tilbodet ikkje strekk til

Barnehagen skal alltid prøva å leggja til rette for alle enkeltbarn i barnegruppa. I nokre tilfelle klarar ein ikkje leggja til rette det allmennpedagogiske tilbodet slik at alle barna får ei god nok oppfølging i utviklinga si. Om me oppdagar dette har barnet det gjeld rett på spesialpedagogisk hjelp. I §31 i barnehagelova er det bestemt at barn under opplæringspliktigalder har rett på spesialpedagogisk hjelp om dei har særleg behov for det. Føremålet med spesialpedagogisk hjelp er gje barna tidleg hjelp og støtte i utviklinga (Barnehageloven, 2005). Retten har inga nedre aldersgrense og gjeld difor også barn i barnehagen. Retten blir fatta på bakgrunn av foreldra si tilvising til pedagogisk-psykologisk teneste – PPT. Tilvisinga til PPT er som oftast på grunnlag av observasjonar og dokumentasjonar gjort av barnehagepersonell, samt samarbeid og samtalar med barnet sine

foreldre (Torsteinsson, 2021). PPT skal ifølgje barnehagelova §33 vurderer om barnet har behov for spesialpedagogisk hjelp eller ikkje. Om barnet har behov for spesialpedagogisk hjelp kjem PPT med anbefalingar om kor mykje spesialpedagogisk hjelp, eller om barnet skal få spesialpedagogisk hjelp eller ikkje (Barnehageloven, 2005).

Barn som heilt eller delvis manglar funksjonell tale og har behov for alternativ og supplerande kommunikasjon – ASK, skal få bruka eigna kommunikasjonsformer og naudsynte kommunikasjonsmidlar i barnehagen (Barnehageloven, 2005).

ASK er ein person sitt språk, og måte å uttrykke seg på. Det er heilt naudsynt for denne personen si utvikling at han eller ho har opplæring i, og har tilgang på dette språket. Berre på den måten kan dei læra og utvikla seg.

ASK er også ei nemning på eit pedagogisk tverrfagleg område som rommar kunnskap om kva som skal til for at personar med behov for ASK kan kommunisera best mogleg (Statlig spesialpedagogisk teneste, 2021). Døme på ASK kan vera PECS-perm som er eit hjelpemiddel der det blir brukt symbol for ord, teikn til tale, og konkretar.

#### 2.4 Teori om ulike metodar og tiltak

Teikn til tale – TTT går ut på å bruka teikn som ei støtte til det ein seier verbalt (Temte & Ingemarsson, 2019, s. 5). TTT er ein metode ein kan ta i bruk for at barna med språkvanskar kan gjera seg forstått av vaksne og andre barn. Dette kan hjelpa dei på vegen mot å danna seg venskapsrelasjonar, sosial kompetanse og skapa mening i kvardagen. Om barnegruppa beherskar kommunikasjonsforma vert det altså lettare å få innpass og verta ein del av gruppa. Det er fordi barna ikkje vert like avhengige av verbal kommunikasjon i seg sjølv. TTT inkluderer talespråk samtidig som ein gjer teikn, det er då mogleg å forstå barn med lite språk også når dei brukar teikna. Temte og Ingemarsson (2019) skriv at barnet sine samtalepartnarar må gjera ein innsats og læra seg barnet sin kommunikasjonsform og skriv vidare: «Hvis barnet bruker tegn, må de voksne bruke tegn. For barnet er det betydningsfullt å få en måte å uttrykke tanker, følelser og meninger på». Ifølgje Torbjørnsen har små barn stort utbytte av teikn-til-tale. Ho skriv at eittåringane bruker mest teikn sjølve (Torbjørnsen, 2023, s. 80). Me meiner at det er like viktig at dei andre barna på avdelinga også lærer seg TTT sidan dei også bør vera samtalepartnarar til barnet med språkvanskar. Ifølgje våre meiningar er det vel så viktig for barn å uttrykkja tankar, kjensler og meiningane sine til andre barn, som til vaksne. Dette føreset at vaksne gjer ein stor og grundig jobb med å læra barna TTT.

Andre metodar for at barn med språkvanskar skal få ta del i det som skjer i barnegruppa på lik linje med andre barn kan handla om ulike aktivitetar (Løkken & Søbstad, 2013). Boka *Musikkglede i barnehagen* (Evensen et al., 2012) inneheld mange forslag til kva musikkaktivitetar ein kan ta i bruk. Det står ikkje direkte at det kan brukast til å inkludera barn med språkvanskar. Me veit derimot at musikken kan vera med å synleggjera dei som ikkje får gjort seg synlege eller sagt det dei tenkjer på lik linje med andre. Til dømes skriv Kulset (2015) om ei jente som ikkje kunne norsk, som etterkvart vart lagt merke til når ho gjorde det same som resten av barnegruppa i ei musikkksamling. Det enda med at fleire at barna snakka til ho, og ho vart valt av eit barn til å vera med på og vera «dagens hjelpar». Dette døme inkluderte at dei song med stemmer, men ein kan jobba mot det same målet og ha musikkksamlingar som inkluderer bruk av instrument og dans. Om barn med språkvanskar deltek og gjer det same som alle andre barn, kan det kanskje skje relativt like situasjonar som i dette dømet. Kulset (2015) kallar det for at barnet skaffar seg ein inngangsbillett til barnegruppa.

Andre aktivitetar som kan hjelpa barna til å sjå kvarandre, og dermed klara og inkludera seg sjølv eller andre er ulike rørsleaktivitetar som ikkje krev mykje verbal kommunikasjon. Sjølv om ei barnegruppe beherskar TTT i stor grad, er det ikkje lett å bruka det når ting skal skje fort i ulike leikar. Då kan det vera greitt å læra barna aktivitetar som ikkje krev mykje verbal kommunikasjon.

Leik er ein stor del av barn si verd. Den svenske leikforskarer Olofsson seier det må vera tre forhold på plass for at barn får delta i sosial leik. Desse tre faktorane er gjensidigheit, turtaking og at alle har ei felles forståing av kva leiken handlar om. (Mørland, 2008, s. 45). Om ein arbeider med desse elementa kan ein oppnå at barnegruppa får ein god dynamikk der dei er gode på å inkludera alle.

Dette er metodar og tiltak me har kunnskap om. Dei er ein del av å gjera ei barnegruppe til ein inkluderande stad, men metodane åleine gjer ikkje heile jobben. Personalet må jobba kontinuerleg med fleire element for å oppretthalda ein inkluderande praksis, til dømes haldningar. Me vil også tydeleggjera at ein ofte ikkje er like inkluderande på alle område (Statlig spesialpedagogisk teneste, 2022). I intervjuet vil me undersøkje kva metodar og tiltak barnehagelæraren brukar i praksis. I drøftinga vil me kopla metodane me har skrive om i dette kapittelet saman med metodane som kjem fram i intervjuet.

## 2.5 Foreldresamarbeid

Av og til hender det at barnehagepersonell oppdagar at eit barn har omfattande språkvanskar. Det kan vera at dei ikkje klarar å stimulera metodar i barnet si språklege utvikling gjennom det allmennpedagogiske tilbodet. Då bør ein oppfordra foreldre til å søkja om spesialpedagogisk hjelp. Grunnen til at ein oppfordrar foreldra er at dei ifølgje §32 i barnehagelova lyt samtykkja før ein etterspør sakkyndig vurdering. Lova er tydeleg på at den spesialpedagogiske hjelpa skal utformast i samarbeid med foreldra og ein skal leggja stor vekt på deira syn. Det er difor viktig å ha ein open, god og tydeleg dialog med foreldra i slike tilfelle, for at prosessar skal gå fint føre seg (Barnehageloven, 2005).

Foreldrerapportering vil seia foreldre sine vurderingar om barnet. Selås (2017a) skriv at foreldrerapportering kan vera veldig truverdig og gje nyttig informasjon om barnet. Foreldre kan også gje viktig informasjon om barnet i startsamtale, om barnet sine familieforhold og om det eventuelt ligg språkvanskar i familien. Ved å få informasjon tidleg av foreldra kan dette vera med å løfta blikket til barnehagelæraren for å observera og oppdaga eventuelle språkvanskar.

Så på grunn av at foreldra kan verka inn på kor tidleg barnet får hjelp, samt om det skal få moglegheit til spesialpedagogisk hjelp, er det viktig at me har eit godt samarbeid med dei.

## 3.0 Metode

I metodekapittelet vil me presentera val av metode og gje grunn for kvifor me valde den kvalitative metoden. Me vil presentera korleis me skal utføra intervju. I vår problemstilling har me valt å forholde oss til barnehagelærar, i delkapittel “informantar” vil det stå om kvifor me har valt barnehagelærar og utdjupa meir grunn for informantvalet vårt.

### 3.1 Val av metode

Fyrst og fremst tyder metode “å følge en vei mot målet, og det er en framgangsmåte som følger visse regler» (Løkken & Søbstad, 2013, s. 9). Når det kjem til val av metode stod me mellom å velja den kvantitative og den kvalitative metoden. Me valde å gå for den kvalitative. Grunnen til at me tok denne metoden er at me skal ta for oss intervju av tre ulike barnehagelærarar, som me veit har jobba med språkvanskar.

Omgrepa kvalitativ og kvantitativ “representerer et avgjørende skille i måten folk forholder seg til forskning på” (Løkken & Søbstad, 2013, s. 34).



I intervjuet vil me gå i djupna på korleis barnehagelærarane har jobba med barn med språkvanskar. Før me skal ut å intervjuar barnehagelærarane, vil me utføra pilotintervju på to medstudentar, for å kvalitetssikra guiden, og for å høyra kva dei tykkjer og om dei er samanliknbare og oppdagar eventuelle feil.

Den kvalitative metoden går ut på at ein gjerne vil sjå samanhengar, men også at ein vil gå i djupna og finna tak i totaliteten, for det som ein forskar på (Løkken & Søbstad, 2013, s. 35). Altså me vil gå i djupna på korleis barnehagelærarar jobbar med å få barn med språkvanskar inn i barnegruppa. Når ein forskar kvalitativt, er den ofte induktiv «Det vil si at en trekker slutninger fra det enkelte/spesielle til det allmenne» (Løkken & Søbstad, 2013, s. 34). Vår studie består kun av tre intervju. Det tyder at resultatene ikkje kan generaliserast. Omgrepet generalisering vert forklart under delkapittelet “reliabilitet og validitet”.

### 3.2 Intervju

Eit intervju går ut på at ein person i forkant, lagar spørsmål. Desse spørsmåla stiller ein til den personen ein har valt seg ut (Løkken & Søbstad, 2013, s. 104). Intervjuobjektet svarar på spørsmåla og intervjuaren kan anten skriva ned svara, nytta seg av lydopptak, eller videoopptak. Me har valt å bruka intervju med lydopptak, og i etterkant vil me transkribera intervjuet. Vidare vil me finna likskap og ulikskap frå dei ulike intervjuar me har gjennomført. Når ein sit i eit intervju, er det ikkje alltid ein rekk skriva ned alt som blir sagt. Det er også vanskeleg å hugsa tilbake i ettertid.

Det å intervjuar, er vanskeleg, men det og planleggja og skriva eit intervju er vanskelegare (Løkken & Søbstad, 2013, s. 105). I forkant av eit intervju, må ein finna personar ein kan intervjuar og ein må finna ei tid ein kan intervjuar på. Før me kan gå ut å intervjuar, må me søkja til NSD og få søknaden godkjent. Frå og med 1. januar 2023 har NSD slått seg saman med SIKT – kunnskapssektorens tjenesteleverandør, difor står det SIKT på godkjenninga (Sikt, 2022).

To omgrep innan intervju, er indirekte intervju og direkte intervju. Det me vil ta for oss er direkte intervju, der får ein kontakt med personen ein intervjuar, og det blir lettare for oss å tolka barnehagelærarane. Ein ser då ansiktsuttrykk, men og kroppsuttrykk, som igjen kan gje oss ei betre tolking av det som blir sagt (Løkken & Søbstad, 2013, s. 105-106). Om me skulle hatt intervju digitalt eller over telefon, hadde det vore vanskeleg å få den direkte kontakten med barnehagelæraren. Intervjuet me nyttar oss av, er kalla strukturert intervju. Strukturert

intervju vil sei at spørsmåla er setja opp i ei bestemt rekkefølge, og denne skal følgjast. (Løkken & Søbstad, 2013, s. 106).

Me utarbeida ein intervjuguide (sjå vedlegg 3), som er ein plan over kva spørsmål ein skal stille i eit intervju. Det gjer også ein god struktur og sikrar at ein får data som gjer best mogleg svar på problemstillinga (Vøllo (2020)). Utarbeiding av spørsmål var utfordrande. Me skreiv ned det me ville finna ut av og gjorde det om til spørsmål. Me måtte gjera litt om på nokre av spørsmåla for å at det ikkje skulle verta slik at intervjuobjekta måtte gjenta seg sjølv mykje. I tillegg prøvde me å forma dei slik at dei kom til å forstå konteksten i spørsmålet. Då me hadde laga ferdig guiden tenkte me det kunne vera lurt å prøva dei ut på nokon andre som eit pilotintervju. Gjennom pilotintervju kan me få klare og forståelege spørsmål (Løkken & Søbstad, 2013, s. 112).

Dette gjorde me på to medstudentar. Studentane er ikkje ferdigutdanna og har lite erfaring med språkvanskar, dette gjorde at me ikkje fekk oppleva det fullverdige intervjuet. Men studentane gjekk inn i god rolle og dette gav oss innsikt i korleis me kan få svar på problemstillinga gjennom intervju med dei faktiske intervjuobjekta. Gjennom pilotintervjua erfarte me at spørsmåla var gode og at det gjekk ein raud, tråd gjennom intervjuet.

### 3.3 Informantar

I vår problemstilling står det klart at me vil finna ut korleis barnehagelæraren legg til rette for å sosialt inkludera barn med språkvanskar. Det vart bestemt at me ville fokusera spesielt på barnehagelæraren då dei har ei treårig høgare utdanning. Forskrift om rammeplanen for barnehagelærerutdanninga (Forskrift om rammeplan for barnehagelærerutdanning, 2012) står det i §2 at etter fullført utdanning skal kandidaten ha:

Kunnskapar:

Kandidaten

- har bred kunnskap om barns språkutvikling, flerspråklighet, sosiale, fysiske og skapende utvikling og gryende digitale-, lese-, skrive- og matematikkferdigheter.
- har bred kunnskap om barns rettigheter og om hva som kjennetegner et inkluderende, likestilt, helsefremmende og lærende barnehagemiljø.

Ferdigheter:

Kandidaten

- kan vurdere, stimulere og støtte ulike barns allsidige utvikling i samarbeid med hjemmet og andre relevante instanser.
- kan anvende relevante faglige verktøy, strategier og uttrykksformer i egne læringsprosesser, i pedagogisk arbeid, i samhandling med hjemmet og relevante eksterne instanser.
- kan identifisere særskilte behov hos enkeltbarn, og på bakgrunn av faglige vurderinger raskt iverksette tiltak.

Generell kompetanse:

Kandidaten

- kan planlegge, lede, gjennomføre, dokumentere, og reflektere over pedagogisk arbeid knyttet til barnehagens innhold og oppgaver i tråd med etiske krav og retningslinjer, og med utgangspunkt i forsknings- og erfaringsbasert kunnskap.
- kan formidle sentralt fagstoff muntlig og skriftlig, kan delta i faglige diskusjoner innenfor utdanningens ulike fagområder og dele sine kunnskaper og erfaringer med andre.

(Forskrift om rammeplan for barnehagelærerutdanning, 2012).

Denne paragrafen viser til at barnehagelæreren og våre informantar skal ha kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse som er relevant for vår problemstilling.

Me er godt kjend med at barnehagane me valde har jobba med barn som har språkvanskar, men me unngår å intervjuja barnehagelærarar me har god kjennskap til. Det er sikkert at funna våre ikkje kan generaliserast, dette vil me skriva meir om i 3.5 - reliabilitet og validitet.

Informantar får utdelt eit informasjonsskriv (sjå vedlegg 2) der det står konkret kva me vil oppnå med intervjuet, informantar sine rettar, kontaktpersonar til HVL og kontaktpersonar med tanke på personopplysingar, samt samtykkeskjema. Våre informantar vert intervjuja med lydopptak og derav vert samtykke gjeve på opptak som vert sletta etter intervjuet er transkribert på eige dokument og intervjuobjektet har fått sin eigen kode på dokumentet, barnehagelærer A, B og C. Alle informantar vil få informasjon om at samtykket kan trekkjast tilbake undervegs og lydopptak vil verta stoppa og sletta på staden.

### 3.4 Ethiske omsyn

Sidan me har valt å nytta oss av den kvalitative metoden og intervju, er det ulike etiske omsyn og ta. Me skal intervjuja med lydopptak. Av den grunn har me søkt til SIKT, sjølv om planen er å halda barnehagelærarane og eventuelle barn anonyme. SIKT må godkjenna at me kan intervjuja før me reiser ut i barnehagane for å intervjuja. Lydopptaket som blir teke opp i intervjuet vil me nytta i etterkant av sjølve intervjuet. Vidare må me transkribera intervjuet. Då skriv me ned det som blir sagt i lydopptaket i detalj. Intervjuobjekta våre blir haldt anonyme, og me skal ikkje høyra kvarandre sine lydopptak, altså det er berre personen som intervjuar som skal lytta til lydopptaket. Når ein lagrar lydopptaka på ei privat eining, slik som me gjer, må me sletta dette opptaket fortast mogleg i etterkant av intervjuet. Difor er det viktig at me transkriberer så fort som råd. I mellomfasa må me ha personopplysningar om intervjuobjekta, for å vita kva intervju som høyrer til dei enkelte personane. Seinare vil me gje intervjuobjekta kodenamna A, B og C.

Ei stemme på lydopptak går i følgje lovdata under personopplysing. Personopplysing:

“Opplysninger og vurderinger som kan knyttes til en enkeltperson” (Personopplysningsloven, 2000). I sjølve intervjuet vil me ikkje stilla spørsmål der intervjuobjekta må opplyse sensitive personopplysningar om seg sjølv eller andre. Intervjuobjekta får også i forkant av intervjuet eit informasjonsskriv, der dei vert informert om dei vil delta, kvifor me vil at dei skal delta, at det er frivillig å delta, korleis me oppbevarer og brukar opplysningane deira, og kva rettar dei har m.m.

### 3.5 Reliabilitet og validitet

Reliabilitet går ut på at forskinga me gjer må vera til å stola på. Det handlar blant anna om at arbeidet er godt gjennomført, til dømes å ha eit tydeleg formål og forklarar kvifor og korleis ein arbeider slik ein gjer (Dalland, 2020a, s. 43). Resultata eller konklusjonane me kjem fram til etter drøftinga vil ikkje kunna generaliserast. Når det blir generalisert tyder det at funna våre med stort sannsyn gjeld for ein heil populasjon. For at det skal kunna generaliserast må intervjuobjekta vera representative (Dalland, 2020b, s. 138). Ein kan ikkje seia med ein gong at våre funn fungerer på kven som helst i ei barnegruppe. Men om andre barnehagelærarar les vår bacheloroppgåve kan det godt vera at metodane vil fungera i deira barnehage også. Ut frå våre meiningar trur me at dei fleste vil lykkast med fleire av metodane som i vår analyse kjem fram som “metodar som har fungert”. I praksis vil barnehagane også kunna la seg inspirera av våre metodar, og heller tilpassa dei til sine behov om det er naudsynt.

Validitet handlar om relevans og gyldigheit. Det som vert målt må ha relevans og vera gyldig for det problemet som vert undersøkt (Dalland, 2020a, s. 43). Funna me har fått frå intervjuobjekta vil me seia er relevant for vår problemstilling. Det tyder at oppgåva vår har validitet.

### 3.6 Metodekritikk

Sjølv om ein finn gode informantar, er det ikkje dermed sagt at svara vert gode. Det er viktig at spørsmåla me stiller dei gjer rom for at intervjuobjekta gjer oss gode, relevante svar. Me jobba som sagt lenge med utforming av spørsmål og testa dei ut på medstudentar som to pilotintervju. Dette for å prøva ut og gjera endringar om noko vart irrelevant eller uklart.

Det er viktig for oss at personane er ærlege og interesserte i fagfeltet. Difor valde me også å intervjuar barnehagelærarar som me kjende til frå før av. Graden av kjennskap varierer. Men slik sikrar me oss god kunnskap om arbeidet med inkludering av barn med språkvanskar. Fallgruver her kan vera at intervjuobjektet har mindre kunnskap enn det me tenkjer. Sidan dei har kjennskap til oss, i større eller mindre grad, kan dei overvurdera vår bakgrunnskunnskap og kompetanse. Dermed kan det vera dei utelet informasjon dei tenkjer me har grunnleggande kompetanse i frå utdanninga.

I etterkant av analyse og funn har me diskutert om det kanskje har vore for få med berre tre informantar. Me tykkjer me hadde fått endå meir innblikk og ulike arbeidsmåtar med fleire informantar. Dette er noko me tek med oss som nyttig erfaring.

## 4.0 Empiri og funn

Målet med vår empiri er å drøfta arbeidsmetodar og tiltak som fungerer i arbeid med inkludering av barn med språkvanskar. Empirien vår kjem frå intervju der barnehagelærarar deler sine opplevingar, meiningar og uttrykkjer haldningar dei har om temaet, som dei har erfart i arbeid som barnehagelærarar. Då me fekk transkribert intervjuar våre laga me eit analyseskjema (sjå vedlegg 4) for å systematisera svara. Målet med ein analyse skal vera å svara på spørsmåla som ligg i problemstillinga (Busch, 2021, s. 14). I analysen fekk me ein oversikt over kva metodar dei brukte for sosial inkludering av barn med språkvanskar. Sidan me ikkje sette krav om erfaring til intervjuobjekta, har dei ulik grad av jobberfaring. Etter å ha analysert resultatata ser me lite forskjellar i svara til dei to med mykje erfaring og den med minst.

#### 4.1 Viktigheita av samarbeid med spesialpedagogen og logopeden

Ifølgje intervjuobjekta var det viktig for alle at barn, uansett språkvanskar, var mest mogleg på avdeling.

Barnehagelærer A seier “Eg har erfaring med samarbeid med logoped og spesialpedagog.” Me har jobba med spesifikke uttaleproblem for eksempel, då har me hatt barnet på einerom, men kanskje me inviterer nokon med inn – barn, og brukt lydalfabetet og forskjellige øvingar og spel og liknande”. Samarbeidet med spesialpedagogen har vore fokusert på korleis barnet samhandlar med andre, i det arbeidet har andre barn blitt inkludert i små grupper saman med barnet med språkvanskar. Dette er fordi barnet skal få kunna trenast på konkrete problem og samstundes oppleva relasjonar og trivsel saman med andre barn. I arbeid med logoped har det vore meir fokus på ein-til-ein. Barnehagelæraren seier hen har jobba vidare med det logopeden har vore inne og styrt, og teke det med ut på avdelinga. Dette kan vera å setja opp leikegrupper der leiken er retta mot eit konkret problem barnet har og det logopeden jobbar med. Dette er fordi barnet skal oppleva det som kjekt og leikande samstundes som barnet får mengdetrening.

Barnehagelærer B sin barnehage hadde spesialpedagog fast tilsett i barnehagen. Hen praktiserte noko ein kalla grønne, gule og raude timar. Grønne timar gjekk ut på at spesialpedagogen skulle rettleia personalet på avdelinga om arbeidsmetodar ein skulle bruka overfor barnet med til dømes språkvanskar. Dette førte til god kollektiv praksis der alle i personalgruppa var samde om kva dei skulle seia til og gjera med barnet. Spesialpedagogen skulle i denne barnehagen sitja minst mogleg ein til ein med barn. Det same gjaldt logoped. Om dei hadde eit barn som sleit med til dømes uttale av ord, brukte dei hjelpemiddel som til dømes snakkepakken. Her hadde logoped med seg fleire enn barnet med språkvanskar.

Barnehagelærer C, har også erfaring med både logoped og spesialpedagog når det kjem til barn med språkvanskar. Spesialpedagogen jobbar ofte med språkgrupper og eller leikegrupper med få barn. Logopeden har jobba meir med ein-til-ein situasjonar.

Barnehagelærer C fortel at spesialpedagogen også har jobba med rutinesituasjonar i barnehagekvardagen i små grupper. Dette har barnehagelærer C også nytta seg av og har jobba med maks tre barn i leik. Då er dei andre barna språksterke og den vaksne set ord på alt som skjer i leiken, spesielt for det barnet med språkvanskar. Barnehagelærer C har og nytta ein-til-ein opplegg etter råd frå logoped.

## 4.2 Metodar som har fungert for alle barnehagelærarane

Alle intervjuobjekta brukte Alternativ og Supplerande Kommunikasjon (ASK) som hjelpemiddel. Det vart brukt blant anna laminerte bilete og plakatar til lunsjmåltid som alle barna kunne bruka. Slik får barn med språkvanskar fortelja kva dei vil ha på skiva, og resten av barnegruppa tykkjer det er kjekt å bruka plakaten også. PECS-perm er ein ASK-metode som vart brukt. Denne vart i eit tilfelle brukt aktivt med eit barn utan språk. Bilete frå permen til barnet vart også tekne ut og hengt opp på til dømes garderobeplassen til barnet. Dermed kan alle tilsette kommunisera med barnet ved å peike på bileta og vita at barnet forstår akkurat det symbolet. PECS kan brukast både i ein-til-ein relasjon og på avdelinga blant tilsette slik at dei kan kommunisera med barnet. I eine barnehagen vart det brukt såkalla påkledningsremser, der det hang små bilete i garderoben som viste detaljert kva barna skulle kle på seg når dei skulle ut. Desse bileta gav støtte til barn i overgangssituasjonar og gav ekstra støtte til barn som treng det under påkledningssituasjonar.

*Heile personalgruppa har hatt innføring og fått øvd seg i å bruke snakketavlene, ASK, og vi nyttar også dagtavler, og slike påkledningsremser, og dei metodane vurderer vi som vellykka, og har sett at når vi brukar det så trengst det foreksempel under måltid (Barnehagelærer C).*

Intervjuobjekta har også nytta seg av gruppedeling, dei har delt inn i smågrupper på to til tre barn saman med barnet med språkvanskar. Barna som har vore inkluderte i gruppene har hatt ein god relasjon seg i mellom. Dette har dei gjort etter råd frå spesialpedagog, og sett at spesialpedagogen har gjort dette sjølv. Alle intervjuobjekta meinte at ein alltid skal ha fleire barn med seg av fleire grunnar. For det fyrste er det viktig at barna som treng øving på uttale og liknande får tid og moglegheit til å tenkje og snakka, utan å verta avbrote av jamaldringar – difor viktig med god relasjon mellom barna. Barnehagelærer B sa «Me har eit tilfelle her med eit barn som har selektiv mutisme. Det er det jo veldig viktig å setja hen på grupper med nokon som ikkje overkøyrer hen.»

For det andre nemnde fleire at ein lærer best i samspel med andre. Me forstår det slik at dei ser på læring gjennom eit sosiokulturelt perspektiv. Sosiokulturelt perspektiv går etter vår forståing ut på at for å læra kognitivt og utvikla seg, må ein ha sosiale forhold til andre. Dette kan me støtta opp i det Askland og Sataøen skriv om barnet i ein sosial og kulturell samanheng. Dei skriv at utvikling alltid går føre seg i ein kontekst. Og for å forstå utvikling må ein heile tida analysa dei konkrete kontekstane barnet er ein del av (Askland & Sataøen,

2019, s. 19). I tillegg vil ein i mindre grad ta ut enkeltbarn på grunn av at dei må kontinuerleg henga med på uskrivne reglar og det som skjer i miljøet til barnegruppa. Me tenkjer det er ein føresetnad for å få og behalda vener. Når ein har med seg to eller tre andre barn, og kanskje rullerer på kven, gjer det forhåpentlegvis mindre “skade” på det sosiale.

Barnehagelærer A er innom organiserte leikegrupper, og korleis ein kan setje opp leik som er retta mot det konkrete problemet barn med spesialpedagog eller logoped arbeider med. Dette er for at barnet skal kunna få mengdetrening, samstundes som barnet får oppretthalda og utvikla seg sosialt. Hen (Barnehagelærer A) sa at «Trivsel og gode relasjonar er grunnlaget for alt, godt miljø og gode relasjonar – då veks me. Ofte så kan det sjå ut som at nokon har utfordringar, og så er det kanskje miljøet.»

God dialog med foreldre er ikkje nødvendigvis det me kan kalla ein metode, men det kjem fram i intervju at det er viktig. Foreldre sit inne med mykje informasjon om barnet, og opplever korleis barnet er utanfor barnehagen. Intervjuobjekt A meiner at foreldresamarbeid er noko alle snakkar om som sentralt i barnehagearbeid, og påpeikar kor viktig det er å ha ein god dialog. Det foreldra informerer barnehagen om kan vera med på å utvikla eller endra metodane som vert brukt.

*Samarbeid med foreldre og heim er eit kjempegodt arbeidsrom som me ikkje må gløyma. Foreldre har jo alltid rett, nesten, me må høyra på dei og jobba ilag med foreldra, det er enormt viktig (Barnehagelærer A).*

Det vart sagt at det er svært viktig at alle i personalgruppa forstår kvifor me skal bruka bestemte metodar, samt får opplæring i å bruka dei. Dette handlar om kompetanseheving som vart nemnt som viktig. Det vil sei at pedagogisk leiar må ta ansvar for at dette vert gjort. Å informera vikarar kan også vera nyttig. At personalgruppa utfører kollektiv praksis for kva ein skal gjera med enkeltbarn er viktig, slik at barnet alltid får same beskjedar, grenser og forståing. Det Gotvassli (2020, s. 138) skriv om profesjonelle læringsfellesskap tykkjer me liknar på våre tankar om korleis ein bør arbeida. Å bruka forfattern sine idear tykkjer me er eit godt utgangspunkt, når ei personalgruppe skal jobba med kollektiv læring.

Å bruka dagtavler med heile barnegruppa er sett på som nyttig. På dagtavlene brukar dei ofte bilete for å illustrera. For barn med språkvanskar kan bilete gje dei ei større oppfatning om kva som skal skje framover, då dei kan kopla ord til bileta. Sjølv om det i utgangspunktet er meint for eitt enkeltbarn har heile barnegruppa god nytte av at dagen er føreseieleg. Mange



barnehagar har ein praksis der dei går gjennom kva som skal skje i løpet dagen, til dømes etter frukost.

#### 4.3 Faktorar som har negativ påverknad på utvikling

Ingen av intervjuobjekta påpeika metodar som ikkje har fungert, men meir kva som påverkar metodar og tiltak negativt.

*Viss det er mislykka så handlar det meir om at då gjer du noko som reverserer utviklinga, at då gjer du noko som gjer at det går i lås - for barnet, og då har du gjort noko direkte feil (Barnehagelærer A).*

Barnehagelærarane svarte at dei ikkje kom på spesifikke metodar som vart rekna som mislykka eller ikkje førte til utvikling. Dei nemnde derimot andre faktorar som kunne påverka barnet si utvikling negativt. Eine intervjuobjektet var særst oppteken av at ein-til-ein som metode var ein dårleg metode, med svært få unntak. Alle barnehagelærarane sa at ustabil personale var ein faktor som i stor grad påverka negativt. Det kan verta mindre tid til å gjennomføra planlagde aktivitetar, om ein ikkje har nok personale att på avdelinga. Då lyt ein ofte droppa opplegget ein har planlagt saman med barnet som treng ekstra støtte. Ein anna faktor når det gjeld ustabil personalet er mykje vikarar. Ein vikar som ikkje kjenner barnegruppa, skjønar naturlegvis ikkje korleis hen skal møta enkeltbarn med tiltak. Med ein travel kvardag seier intervjuobjekta at det er vanskeleg å informera alle vikarar, som i tillegg gjerne manglar kompetanse på feltet. Eit etisk dilemma seier dei er når dei har mange ulike vikarar. Skal ein dela sensitiv informasjon med vikarar som berre er innom éin sjeldan gong? Dei legg til at trygge vaksne tryggjar barna i mykje større grad enn andre. Barnehagelærer B sa «Me kjenner kva dei likar og kva dei ikkje likar. Når dei seier eit ord så forstår me kva dei seier, sjølv om kanskje uttalen ikkje er der.»

#### 5.0 Drøfting

I dette kapitlet skal me drøfta resultat me fann gjennom intervju, saman med teori og eigen kunnskap og praktisk erfaring for å få eit svar på problemstillinga vår: *Korleis legg barnehagelærarar til rette for sosial inkludering av barn med språkvanskar, i barnegruppa?* Når ein drøftar set ein ulike synspunkt og argument opp mot kvarandre for å belysa eit tema (Rienecker et al., 2013, s. 222).

Me har mellom anna reflektert rundt svara. Difor kjem ikkje alle spørsmåla direkte fram, men indirekte i ulike relevante tema.

### 5.1 Barnehagelæraren sitt arbeid med empati, respekt og likeverd

Eitt av intervjuobjekta sa at ein lærer best når ein er i samspel med andre. Ho tenkjer då i eit sosiokulturelt perspektiv. Når ein ser slik på læring så meiner me det er med stor fordel at barnegruppa har ein god dynamikk. For å skapa det krevst det at personale jobbar mot at barna utviklar evne til empati, respekt og likeverd. Då trur me dei har større sjans for å la barn med språkvanskar få tid og rom til å formidla det dei har på hjarta og får dermed øvd seg meir kontinuerleg i dei daglege rutinar. Ein treng ikkje alltid ha spesifikke opplegg for at barnet skal få øving i å gjera seg forstått av andre personar. Ein anna fordel med å ha god dynamikk og respekt i ei barnegruppe er at det hjelper dei i frileiken sin. Me er einige med leikforskar, Olofsson (Mørland, 2008) om at turtaking, gjensidigheit og at alle har ei felles forståing om kva leiken handlar om bør vera til stades i sosial leik. Poenget her er at om ein får til ei barnegruppe med gode empatiske evner og respekt for kvarandre har det mange gode fordelar, som også i stor grad rettar seg mot barn med språkvanskar.

Den fyrste metoden for å skapa eit slikt miljø er at personale må fokusera på vaksenrolla si. Nergaard (2021, s. 165) skriv at det er viktig å anerkjenna og vera bevisst på at sosial åtferd er konstitusjonell. Korleis ein vaksen møter eit barn påverkar barnet sin status og rolle i barnegruppa. Me er kvar dag førebilete for barna og det nyttar ikkje å seia korleis barna må oppføra seg, om ein ikkje utøver denne oppførselen sjølv. Å vera til stades når me er på jobb og lytta til barna sine kjensler og behov er døme på dette. Om eit barn kjem til deg med ei utfordring er det å anerkjenna og visa at du faktisk bryr deg og gjer noko med utfordringa viktig. Om det er ei utfordring ein ikkje direkte kan gjera noko med, må ein gjera det ein kan, til dømes å anerkjenna kjensla barnet visar i samband med utfordringa. Ein må visa at barnet sitt problem er like genuint som om ein kollega hadde kome med eit liknande tilfelle.

Andre metodar retta mot barn si evne til empati er å fortelja historier og eventyr som har dette som budskap eller tema. I etterkant av forteljinga samtalar ein med barna om korleis dei skjønnte og opplevde eventyret. Her kan ein snakka om karakterane sine verdiar og kjensler og knyta det opp til situasjonar ein ser i barnehagekvardagen for at barna skal forstå. Når ein har slike stunder øver barna også på turtaking. Ein kan prøva å få barna til å leva seg inn i situasjonen til ein karakter. Dette stimulerer empatisk utvikling. Historier og forteljingar kan personale også bruka til å inspirera til frileik. Det å gje rom for frileik er ifølgje Glaser viktig

fordi det hjelp dei å forstå forhold som føregår rundt dei utanfor leiken. Glaser meiner då at frileiken hjelp barna med eigen livsorientering (2021, s. 76).

Song må på ei side ikkje undervurderast når det gjeld utvikling av empati, gjensidighet og respekt. Kulset skriv blant anna at når ein syng produserer ein kjærleikshormonet oxytocin. Vidare skriv ho at når stoffet vert frigjort opplev me dei me syng saman med som nokon ein kan stola på, nokon me vil hjelpa og nokon me har det fint saman med (Kulset, 2018, s. 137-138). Alle desse tre tinga vil me at barn skal oppleva i barnehagen. Eine barnehagelæraren nemnde at dei fokuserte på felles song og reglar som eit tiltak for sosial inkludering. Dette tykkjer me er veldig bra og ein kunne godt fokusert endå meir på det i barnehagar. Det kan på ei anna side vera vanskeleg for barnehagelæraren å utføra alt hen kanskje ynskjer i samanheng med musikkaktivitetar. I vårt utdanningsløp har me lært om viktigheita av å gå ut av eiga komfortsone for og gjera musikkaktivitetar bra for barna. Om ein syng dårleg eller har dårleg takt i dansen, så er nok ikkje dette det barna set fokus på.

Intervjuobjekt B sa tydeleg at under gruppedeling vel ein dei som gjer plass til barnet med språkvanskar. Om ein har ei barnegruppe som er gode med kvarandre har ein mest sannsynleg fleire barn som gjer barnet med språkvanskar den tida og respekten det treng. Det er ein fordel at fleire kan få vera med på gruppeaktivitetar og gjera det til ein kjekk aktivitet for alle barna. Å ha ei barnegruppe med respekt for kvarandre, empatiske evner og likeverd er ein god “grunnmur” for å jobba meir spesifikt med sosial inkludering av barn med språkvanskar. Det vil me koma nærmare inn på.

## 5.2 Tiltak retta mot sosial inkludering

Som tidlegare nemnd handlar omgrepet sosial inkludering om korleis det sosiale miljøet er inkluderande, og at alle barn skal ha ein moglegheit til å kjenne sosial tilhøyrse og utvikla sosiale relasjonar med jamaldrande. I rammeplanen finn me eit avsnitt som seier noko om korleis barnehagen skal arbeida med sosial inkludering for alle:

*Inkludering i barnehagen handlar òg om å leggje til rette for sosial deltaking. Innhaldet i barnehagen må formidlast på ein måte som gjer at ulike barn kan delta ut frå eigne behov og føresetnader. Den viktigaste sosiale arenaen i barnehagen er leiken. For enkelte barn kan tidleg innsats innebere at personalet arbeider særleg målretta og systematisk – i kortare eller lengre periodar – med å inkludere barnet i meningsfulle fellesskap (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 40).*

Det å oppnå eit inkluderande miljø i ei barnegruppe kan ikkje jobbast mot og dermed vere automatisk. Ein må sjå behova til barna, og vera klar over at desse behova alltid kan vera i endring. Personalet må altså kontinuerleg leggje til rette og jobba for inkludering. Å ha eit godt inkluderande miljø kan hjelpe til at barna får gode relasjonar til kvarandre og det er eit livsnausynt grunnlag for tilpassing til seinare familie-, arbeids- og samfunnsliv. Barn som ikkje vert inkludert kan hamna i det forfattarane kallar *barn i faresona* (Askland & Sataøen, 2019, s. 69).

Men for nokon barn er det svært utfordrande å konsentrera seg saman med andre barn. Barnehagelæraren, eventuelt saman med spesialpedagog eller logoped, må ta ei vurdering på om barnet treng ein-til-ein øving saman med den vaksne. I dag er det meir vanleg enn før å inkludera øvingane i ei gruppe med fleire barn. Barnehagelærer B var veldig imot ein-til-ein løysinga, men nemnte at om det ikkje er andre moglegheiter for utvikling, lyt ein bruka metoden. Sjursen (2021, s. 130) skriv at det er eit spenningsfelt mellom inkluderande og ekskluderande praksis når det gjeld metoden ein-til-ein. Det er eit utfordrande dilemma, som kan bli omtala som spesialpedagogikkens janusansikt. Det vil seie at ein at begge syn på dilemmaet kan ha gode faglege argument og vera det rette. Mange meiner nok at ein-til-ein øvingar kan føra til ein ekskluderande praksis overfor barnet som treng øvinga.

Alle barnehagelærarane arbeidar med barn i smågrupper. Når ein skal arbeida med den konkrete delen barnet med språkvanskar har, er dette ein god metode ifølgje dei. Det er fordi då slepp barnet vera aleine med ein vaksen og ein jobbar samtidig med sosial kompetanse. Gjennom smågrupper kan barn med språkvanskar skapa venskapsrelasjonar og meningsskaping, for det nyttar ikkje berre vera rundt gruppa, men ein del av ho (Nordtømme, 2013). Me er einige i at dette er ei god pedagogisk løysing. Utfordringar som kan oppstå er derimot at barna som ikkje vert tekne med i gruppeøvingar kjenner at det er urettferdig. Grunnen til at barnehagelærarane ikkje alltid tek med kven som helst, er som nemnt, at pedagogane hevdar at barnet som treng øving på noko spesifikt må få tid og rom av deltakarane. (Statlig spesialpedagogisk teneste, 2017) . For at dette ikkje skal opplevast urettferdig for barn med mindre sosial kompetanse kan ein organisera det slik at alle vert delt opp i grupper. Då kan ein jobba med område som barnegruppa treng øving i, medan gruppa som har barn med språkvanskar arbeider spesifikt med kommunikasjon. Ein kan også organisera det på andre måtar.

Intervjuobjekta brukar felles song som verkemiddel for sosial inkludering. Me tykkjer dette er eit godt tiltak for nokre typar språkvanskar. Ein type språkvanske kan til dømes vera å nesten ikkje ha språk, og då må ein ta dette i betraktning i songstunder. Dette snakka ikkje barnehagelærarane om, men me er opptekne av det. Rørslesong kan vera med på at barn med språkvanskar forstår og lærar orda og innhaldet i orda betre og kan vera med på leiken. Det er også lettare for barna å visa si deltaking utan å vera verbale (Evensen et al., 2012, s. 92). Døme på songaktivitet der alle barn kan delta er “måledansen.” I songen har alle barna ein målekost dei brukar til å lata som dei måler objektet ein syng om. Til dømes syng dei om å måla veggjen så då spring alle bort og målar veggjen. Ein bonus her er at ein lærer tyding av ulike omgrep. Instrument er også noko ein kan ta i bruk i songsamlinga, då dette er noko alle barn kan bruka. Det gjer at dei kan vera aktive og delta likeverdig uavhengig av språkvanskar.

### 5.3 Ytre faktorar som påverkar arbeid retta mot enkeltbarnet

Nokre gongar kan ein oppleva at foreldresamarbeidet ikkje er så godt som ein ynskjer. Eit foreldresamarbeid som ikkje fungerer kan gå ut over det tiltaket ein vil setja inn retta mot enkeltbarnet. Ein kan oppleva at foreldre ikkje sjølv vil innsjå at barnet har behov for ekstra hjelp eller støtte. Til dømes kan det vera svært sårbart for foreldre å innsjå at barnet har spesielle utviklingsbehov. Ein kan som barnehagelærer bruka kunnskap til og tryggja foreldra i at ein sett inn tiltak fordi barnet skal ha gode føresetnadar i kvardagen. Jo betre dialog ein har med foreldra, jo betre kan samarbeidet verta. Rammeplan for barnehagen seier både personalet og foreldra har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikla seg (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 29). Dette tyder at me må jobba kontinuerleg for eit godt samarbeid med foreldre, men at dei også har eit ansvar. Dette er også ein del av barnehagen sitt samfunnsmandat og står i barnehagelova sin føremålsparagraf (Barnehageloven, 2005). Det kan vera sårt for enkelte foreldre å innsjå at barnet kan trenga ekstra støtte, og at det då blir vanskeleg for dei å samarbeida. Ein kan gjerne koma med tips til foreldra om korleis dei kan jobba med språket heime, om det er ynskjeleg, i etterkant av at ein har hatt samtale med foreldra der ein snakkar om korleis arbeidet vil verta framover.

Om eit barn har forseinka utvikling som årsak til bekymring skal foreldra søkja til kommunen om sakkyndig vurdering eller spesialpedagogisk hjelp (Utdanningsdirektoratet, 2017).

Barnehagelærer C fortel: Barnehagelærarane kan ikkje søkja sjølve, og ofte hender det at foreldra seier dei skal gjera det, men dei utset arbeidet lenge. Det skapar frustrasjon hjå barnehagelæraren som kjenner dei lyt masa på foreldra. Dette gjeld sjølv sagt ikkje alle, men

at det kan skje ein gong i blant. Har ein eit godt samarbeid med foreldra og foreldra sjølve forstår kvifor barnet kan trenga ekstra støtte, kan dette vera med på å gje situasjonen ei positiv utvikling.

Ifølgje alle intervjuobjekta så er ustabil personale ein faktor som spelar inn på kvaliteten av tiltaka retta mot enkeltbarnet. I ein barnehagekvardag opplever ein ofte at ein er for få vaksne og at det stadig kjem inn nye vikarar på avdelinga. Det kan bli uføreseieleg. Dette kan vera vanskeleg for heile barnegruppa, men også enkeltbarnet som kan ha behov for ekstra støtte. Me har sjølve opplevd i praksis og som vikarar at opplegg som ein barnehagelærer har laga til for eit enkeltbarn ofte fell ut, fordi det krev ekstra tid og det kan krevja ekstra ressursar. Intervjuobjekta fortalde også at på grunn av for få vaksne, har dei ikkje fått nytta seg av ulike hjelpemiddel som er laga til for barn med språkvanskar. Det at det ofte går utover barn som treng ekstra støtte, tykkjer me er uheldig, då ein ser at barnet har behovet for den ekstra støtta den kan få. Når eit barn har tiltak på seg og ikkje får den hjelpa og støtta det har krav på kan dette slå ut negativt. Ein får ikkje den framgangen ein ynskjer og barnet får heller ikkje nytte av opplegga når det kanskje går lang tid mellom kvar gong ein har tid. §31 i barnehagelova (2005) seier at barn har rett til spesialpedagogisk hjelp og at hjelpa kan føregå i gruppe. Om ein endar med å nedprioritera spesialpedagogiske opplegg på grunn av mangel på tilsette kan ein spørja seg om det er brot på lova ettersom barnet ikkje får nok oppfølging. Difor er det så utruleg viktig at ein er nok personale på jobb, og at på ein eller annan måte likevel bør prøva å setja av tid til å gjennomføra dei ulike opplegga ein har lagt opp til. Det å vera einige i at ein bør prioritera at opplegga til enkeltbarnet blir utført uansett, kan vere ein viktig faktor. Ein kan då heva kompetansen til heile personalgruppa og ein treng ikkje vera avhengig av at til dømes barnehagelæraren er der for at barnet skal få den støtta som er sett inn. På ei anna side kan ein ikkje alltid føresjå utfordringar. Det kan vera lurt å heller gjera det beste ut av situasjonane ein møter kvar dag. Om ein ikkje får gjennomført det planlagde opplegget med barnet som har språkvanskar, kan ein til dømes finna på noko ekstra kjekt med barnegruppa den dagen. Då kan ein uansett jobba med andre viktige pedagogiske føremål.

Ein anna faktor i arbeidet retta mot enkeltbarnet kan vera at barnet har 50% (halv) barnehageplass. I ein barnehage som har ope frå klokka 07:00 til 17:00 vil ein halv barnehageplass seia 25 timar i veka. Dette tilsvara ofte at barnet er i barnehagen to dagar og tre dagar annakvar vek. Når eit barn har halv barnehageplass har ein ikkje like god tid til å observera barnet og finna gode metodar til arbeidet med språkutvikling. Barnet har også mindre tid saman med dei andre barna og det kan vera uheldig for den sosiale

kompetanseutviklinga. Me tykkjer det er ekstra viktig at barn med tiltak på seg ikkje vert tekne ut av fellesskapet den korte tida dei er i barnehagen.

Barnehagelærer C sa «Når eit barn med språkvanskar har 50% barnehageplass, blir foreldra råda av barnehagen til at barnet går opp i 100% barnehageplass.» Dette gjer at det vert meir tid til å jobba med det spesifikke tiltaket ein har sett inn for barnet med språkvanskar, og ein får jobba meir systematisk. Barn lærer også ofte meir i samspel med andre barn, og det er då svært viktig at barnet med språkvanskar får moglegheit til å vera mest mogleg med andre barn.

#### 5.4 Teikn til tale - TTT

I vårt siste år på studiet har me hatt valfaget Leik og læring for alle (LEK301). I dette faget har me blitt introdusert for og lært om teikn til tale og korleis dette er eit tiltak som blir brukt i barnehagen. I resultatane våre etter intervju kan ein sjå at TTT ikkje vert nemnd. Kva kan vera grunnen til at det er slik?

Me ser på viktigheita av å ta med TTT i vår bacheloroppgåve då me ser på dette som ein metode som støttar godt opp mot barn sine måtar å kommunisera på. Ødegaard og Færevaag skriv at det er godt dokumentert at bruk av teikn til tale fremjar barna sin livskvalitet, utvikling og læring (2021, s. 312).

På ei side ser me føre oss at om heile barnegruppa lærer kommunikasjonsmetoden gjer det kvardagen lettare for alle – vaksne og barn. Barna kan uttrykkja kjensler og meiningar før dei har utvikla verbalt språk. Torbjørnsen (2023, s. 80) skriv at små barn har stor utbytte av TTT og eittåringane er den aldersgruppa som brukar det mest sjølv. Og om det skal visa seg at eitt av barna har språkvanskar har ein allereie gjort tiltak ved at det kan bruka TTT. I tillegg kan dei gjera seg forstått, ikkje berre til vaksne, men også til jamaldringar sidan dei også kan metoden. Dette er ein vinn-vinn situasjon for alle og me meiner at alle småbarnsavdelingar burde byrja med dette som ein del av tidleg innsats – som regjeringa uansett forventar at barnehagane jobbar førebyggjande med (Meld.St. 6 (2019-2020), s. 14). I praksisperiodane våre har me sett noko av effekten TTT kan skapa for barn som ikkje slit med språket også. Eit døme me har sett er at sjenerte barn som ikkje tek ordet når heile avdelinga er til stades kan visa kva dei meiner med teikn. På ei anna side krev kommunikasjonsmetoden mykje øving og fokus for at ei heil avdeling skal læra den. Det kan verta ein stor jobb for personalgruppa. Ein bør som pedagogisk leiar byrja med å leggja fram kunnskap om tema til personalgruppa for at alle skal få motivasjon og jobba engasjert mot dei same måla. Pedagogisk leiar kan til dømes

visa til det Temte og Ingemarsson skriv: barnet sine samtalepartnarar må gjera ein innsats og læra seg barnet sin kommunikasjonsform og skriv vidare: “Hvis barnet bruker tegn, må de voksne bruke tegn. For barnet er det betydningsfullt å få en måte å uttrykke tanker, følelser og meninger på.” (Temte & Ingemarsson, 2019)

## 6.0 Avslutning

Gjennom bacheloroppgåva vår har me auka kunnskapen vår og ikkje minst tileigna oss ny kunnskap. Gjennom kvalitative intervju fekk me kunnskap om metodar me ikkje sjølve hadde tenkt på eller sett i praksis. Intervjuobjekta lærte oss at viktige arbeidsmetodar, når ein jobbar med barn med språkvanskar, er gruppedeling – der ein er bevisst på barn-barn relasjonane i gruppene, alternativ og supplerande kommunikasjon og felles songar og opplegg som spel og øvingar. Ein-til-ein – metodikk, vert også brukt, men berre i dei tilfella ein ser det naudsynt for barnet si utvikling. Dette er noko som har vorte mindre av dei siste åra. Me trur dette er fordi ein har gått over til å vurdera læring meir ut frå sosiokulturelle perspektiv. Det er gjennom blant anna desse metodane dei legg til rette for sosial inkludering av barn med språkvanskar i sine barnehagar. Me har tru på metodane til intervjuobjekta og me vil ta dei med oss vidare i vår jobb som barnehagelærarar. Me meiner at metodane kan brukast av andre barnehagar også.

Etter arbeidet tykkjer me at barnehagar bør tileigna seg endå meir kunnskap om kommunikasjonsmetoden teikn-til-tale (TTT). Grunnen til det er at me ser metoden kan hjelpe barn i førskulealder med kommunikasjon og dermed trivsel og sosial inkludering. TTT er eit verktøy som ifølgje oss kan medføre stor positiv utvikling i eit barn sitt liv.

I etterkant tenkjer me svaret på problemstillinga kunne vore endå betre om me hadde intervjuet fleire barnehagelærarar. Dette fordi fleire svar kunne gjeve oss fleire metodar. Uansett tykkjer me oppgåva har gjeve oss gode metodar som kan brukast i praksis. Me gler oss til å ta utfordringa og prøva ut metodar for å hjelpe barn etter beste evne.



## Litteraturliste

- Askland, L. & Sataøen, S. O. (2019). *Utviklingspsykologiske perspektiv på barns oppvekst* (4. utg.). Gyldendal.
- Barnehageloven. (2005). *Lov om barnehager* (LOV-2005-06-17-64). Lovdata. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64>
- Busch, T. (2021). *Akademisk skriving: for bachelor- og masterstudenter* (2. utg.). Fagbokforlaget.
- Dalland, O. (2020a). *Metode og oppgavekriving* (7. utg.). Gyldendal.
- Dalland, O. (2020b). *Metode og oppgaveskriving* (7. utg.). Gyldendal.
- Evensen, F., Andersen, U. S. & Sæheim, R. √. (2012). *Musikkglede i barnehagen : lek med takt og toner*. Kommuneforl.
- Forskrift om rammeplan for barnehagelærerutdanning. (2012). *Forskrift om rammeplan for barnehagelærerutdanninga* (FOR-2012-06-04-475). <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2012-06-04-475>
- Glaser, V. (2021). Lek som livsorientering - en kilde til helse. I D. C. Fodstad, V. Glaser & M. Sæther (Red.), *Den frie lekens vilkår* (s. 65-77). Universitetsforlaget.
- Gotvassli, K. A. (2020). *Kvalitetsutvikling i barnehagen*. Universitetsforlaget.
- Hvidsten, B. I. B. (2021). Relasjonelle utfordringer: Hvordan kan du som barnehagelærer fremme barns relasjonskompetanse? I B. I. B. Hvidsten (Red.), *Spesialpedagogikk i barnehagen* (2. utg., s. 137-153). Fagbokforlaget.
- Høigard, A. (2019). *Barns språkutvikling: muntlig og skriftlig* (4. utg.). universitetsforlaget
- Kulset, N. B. (2015). Sang som sosialt handlingsberedskap for andrespråklæringer i barnehagen. I *Lek og samspill i et mangfoldsperspektiv* (s. 79-95). Fagbokforlaget.
- Kulset, N. B. (2018). Språk via sang. I S. Kibsgaard (Red.), *Veier til språk: i barnehagen* (s. 134-146). Universitetsforlaget.
- Kunnskapsdepartementet. (2017). *Rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver*. Utdanningsdirektoratet.
- Ludvigsen, M. (2022). *Om barnehagelæreres vektleggning av barns språkvansker i barnehagen i alderen tre til seks år med tilhørende styrking av samspill med de andre barna* [Master ved Nord Universitetet]. Nordopen.nord.no <https://nordopen.nord.no/nord->

[xmlui/bitstream/handle/11250/3022191/MaritaLudvigsen.pdf?sequence=1](https://www.regjeringen.no/contentassets/3dacd48f7c94401ebefc91549a5d08cd/no/pdfs/stm201920200006000dddpdfs.pdf)

- Lyster, S.-A. H. (2021). Språk- og talevansker hos barnehagebarnet - et avhjelpende og forebyggende perspektiv. I B. I. B. Hvidtsten (Red.), *Spesialpedagogikk i barnehagen* (2. utg., s. 215-239). Fagbokforlaget.
- Løge, I. K. (2011). Språkvansker og sosioemosjonelle vansker. I E. Bru, S. K. Ertesvåg, U. V. Midthassel & E. Roland (Red.), *Sosiale og emosjonelle vansker* (s. 56-73). Universitetsforlaget.
- Løkken, G. & Søbstad, F. (2013). *Observasjon og intervju i barnehagen* (4. utg.). Universitetsforl.
- Meld.St. 6 (2019-2020). *Tett på - tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO*. D. k. Kunnskapsdepartement.  
<https://www.regjeringen.no/contentassets/3dacd48f7c94401ebefc91549a5d08cd/no/pdfs/stm201920200006000dddpdfs.pdf>
- Mørland, B. (2008). *Temahefte om barn med nedsett funksjonsevne i barnehagen*. Kunnskapsdepartementet.  
[https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kd/vedlegg/barnehager/temahefte/om\\_barn\\_med\\_nedsatt\\_funksjonsevne\\_i\\_barnehagen.pdf](https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kd/vedlegg/barnehager/temahefte/om_barn_med_nedsatt_funksjonsevne_i_barnehagen.pdf)
- Nergaard, K. (2021). «Uttestengt fra lek i barnehagen». I M. Sæther (Red.), *Den frie lekens vilkår* (s. 157-173). Universitetsforlaget.
- Nordtømme, S. (2013). Deltakelse og medvirkning. I H. D. Hogsnes (Red.), *Barnehagens læringsliv* (s. 29-52). Fagbokforlaget.
- Personopplysningsloven. (2000). *Lov om behandling av personopplysninger* (LOV-2000-04-14-31). Lovdata.  
<https://lovdata.no/dokument/LTI/lov/2000-04-14-31>
- Rienecker, L., Jørgensen, P. S. & Skov, S. (2013). *Den gode oppgaven* (2. utg.). Fagbokforlaget.
- Selås, M. (2017a). Språkkartlegging IM. Selås & A.-H. H. Gujörd (Red.), *Språkmøte i barnehagen* (s. 145-171). Fagbokforlaget
- Selås, M. (2017b). Språkstimulering. I *Språkmøte* (1. utg., s. 181-219). Fagbokforlaget.
- Sikt. (2022, 20. desember 2022). *Velkommen til ny versjon av Sikt!* sikt.no. <https://sikt.no/news/velkommen-til-ny-versjon-av-siktno>
- Sjursen, K. (2021). Tiltak = lek i barnehagen? Lekens sosiale funksjon. I B. I. B. Hvidtsten (Red.), *Spesialpedagogikk i barnehagen* (2. utg., s. 121-135). Fagbokforlaget.

- Statlig spesialpedagogisk tjeneste. (2017, 10.03.2016). *Tidlig innsats-film om tidlig innsats i barnehagen* [Video]. Statlig spesialpedagogisk tjeneste.  
[https://www.statped.no/laringsressurser/Spesialpedagogikk/tidlig-innsats/? t id=wbIvbk7V-CFk7eZtG193XQ%3d%3d& t uuid=b3frwGXtQGSDyBYVPhPA5A& t q=tidlig+innsats& t tags=language%3ano%2csiteid%3aef3d3fed-6956-4012-9794-e10aef7f5655%2candquerymatch& t hit.id=Statped ContentTypes Pages LaringsressursPage/ a3553c7d-677c-418a-9b76-cb32c1906b0c no& t hit.pos=3](https://www.statped.no/laringsressurser/Spesialpedagogikk/tidlig-innsats/?t id=wbIvbk7V-CFk7eZtG193XQ%3d%3d&t uuid=b3frwGXtQGSDyBYVPhPA5A&t q=tidlig+innsats&t tags=language%3ano%2csiteid%3aef3d3fed-6956-4012-9794-e10aef7f5655%2candquerymatch&t hit.id=Statped ContentTypes Pages LaringsressursPage/ a3553c7d-677c-418a-9b76-cb32c1906b0c no&t hit.pos=3)
- Statlig spesialpedagogisk tjeneste. (2021, 29. september 2021). *Hva er alternativ og supplerende kommunikasjon (ASK)?* Statped.no  
<https://www.statped.no/ask/hva-er-alternativ-og-supplerende-kommunikasjon-ask/>
- Statlig spesialpedagogisk tjeneste. (2022, 01.08.2022). *Hva er inkludering?* Statped.  
<https://www.statped.no/temaer/inkludering2/hva-er-inkludering/>
- Temte, A. & Ingemarsson, M. (2019). *Mine tegn i barnehagen*. Statped.
- Torbjørnsen, I. B. (2023). Teikn-til-tale til alle i barnehagen. I I. B. Torbjørnsen, R. Neteland & E. Bugge (Red.), *Tegn-til-tale i barnehage og skole* (s. 71-94). Universitetsforlaget.
- Torsteinsson, H. (2021). Individuell utviklingsplan - et hjelpemiddel i hverdagen IB. I. B. Hvidsten (Red.), *Spesialpedagogikk i barnehagen* (2. utg., s. 61-70). Fagbokforlaget
- Utdanningsdirektoratet. (2012, 18.03.2018). *Barns trivsel - voksnes ansvar*. Udir.no. <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/stottemateriell-til-rammeplanen/trivselsveileder/>
- Utdanningsdirektoratet. (2017, 31. august). *Spesialpedagogisk hjelp - saksgang* udir.no. <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/spesialpedagogikk/spesialpedagogisk-hjelp/spesialpedagogisk-hjelp-saksgang/#a123134>
- Vøllo, M. (2020, 2020, 20.januar). *Slik lager du en intervjuguide*. Prosperastiftelsen. <https://prosperastiftelsen.no/verktoy-slik-lager-du-en-intervjuguide/>
- Ydegaard, E. E. & Færevaaag, M. K. (2021). Barn med downssyndrom som deltakere i barnehagen. I B. I. B. Hvidtsten (Red.), *Spesialpedagogikk i barnehagen* (s. 301-322). Fagbokforlaget.





[Meldeskjema](#) / [Bachelor](#) / Vurdering

## Vurdering av behandling av personopplysninger

<b>Referansenummer</b> 487534	<b>Vurderingstype</b> Standard	<b>Dato</b> 16.02.2023
----------------------------------	-----------------------------------	---------------------------

**Prosjekttittel**  
Bachelor

**Behandlingsansvarlig institusjon**  
Høgskulen på Vestlandet / Fakultet for lærerutdanning, kultur og idrett / Institutt for pedagogikk, religion og samfunnsfag

**Prosjektansvarlig**  
Kjerstin Sjursen

**Student**

**Prosjektperiode**  
01.02.2023 - 30.04.2023

**Kategorier personopplysninger**  
Alminnelige

**Lovlig grunnlag**  
Samtykke (Personvernforordningen art. 6 nr. 1 bokstav a)

Behandlingen av personopplysningene er lovlig så fremt den gjennomføres som oppgitt i meldeskjemaet. Det lovlege grunnlaget gjelder til 30.04.2023.

[Meldeskjema](#)

### Kommentar

OM VURDERINGEN

Sikt har en avtale med institusjonen du forsker eller studerer ved. Denne avtalen innebærer at vi skal gi deg råd slik at behandlingen av personopplysninger i prosjektet ditt er lovlig etter personvernregelverket.

### TAUSHETSPLIKT

Forskningsdeltagerne har yrkesmessig taushetsplikt. De kan ikke dele taushetsbelagte opplysninger med forskningsprosjektet. Vi anbefaler at du minner dem på taushetsplikten. Merk at det ikke er nok å utelate navn ved omtale av barn. Vær forsiktig med bruk av eksempler og bakgrunnsopplysninger som tid, sted, kjønn og alder.

### FØLG DIN INSTITUSJONS RETNINGSLINJER

Vi har vurdert at du har lovlig grunnlag til å behandle personopplysningene, men husk at det er institusjonen du er ansatt/student ved som avgjør hvilke databehandlere du kan bruke og hvordan du må lagre og sikre data i ditt prosjekt. Husk å bruke leverandører som din institusjon har avtale med (f.eks. ved skylagring, nettspørreskjema, videosamtale el.)

Personverntjenester legger til grunn at behandlingen oppfyller kravene i personvernforordningen om riktighet (art. 5.1 d), integritet og konfidensialitet (art. 5.1. f) og sikkerhet (art. 32).

### MELD VESENTLIGE ENDRINGER

Dersom det skjer vesentlige endringer i behandlingen av personopplysninger, kan det være nødvendig å melde dette til oss ved å oppdatere meldeskjemaet. Se våre nettsider om hvilke endringer du må melde: <https://sikt.no/melde-endringer-i-meldeskjema>

### OPPFØLGING AV PROSJEKTET

Vi vil følge opp ved planlagt avslutning for å avklare om behandlingen av personopplysningene er avsluttet.

Lykke til med prosjektet!

## Vil du delta i forskingsprosjektet

### *”Bacheloroppgåve knytt til barn med språkvanskar”*

Dette er eit spørsmål til deg om å delta i eit forskingsprosjekt der føremålet er å kartlegge metodar for korleis sosialt inkludere barn med språkvanskar. I dette skrivet gjev vi deg informasjon om måla for prosjektet og om kva deltaking vil innebere for deg.

#### **Føremål**

Problemstillinga til bacheloren vår er: *korleis legg barnehagehagelærarar til rette for sosial inkludering av barn med språkvanskar, i barnegruppa*. Formålet med vårt intervju er å verta kjent med ulike metodar for å prøve og inkludere barn med språkvanskar. Her vil me finna ut både kva som har fungert og kva som ikkje har fungert.

#### **Kven er ansvarleg for forskingsprosjektet?**

*Høgskulen på Vestlandet* er ansvarleg for prosjektet.

Rettleiar for prosjekt: Kjerstin Sjurson.

#### **Kvifor får du spørsmål om å delta?**

Du har utdanninga som barnehagehagelærar og har erfaring i arbeid med barn.

#### **Kva inneber det for deg å delta?**

Det blir gjort eit intervju som vil bli registrert med lydopptak. Intervjuet er tenkt at vil ta 30 minuttar, men me har sett ei grense på 60 minuttar.

Lydopptaka vil bli sletta med eingong me har fått skrive ned intervjuet på eige word-dokument. Me lagar eit word-dokumentet for å kunne legge intervjuet som vedlegg i sjølve bacheloroppgåva. Her vil du bli anonymisert.

#### **Det er frivillig å delta**

Det er frivillig å delta i prosjektet. Dersom du vel å delta, kan du når som helst trekkje

Samtykket tilbake utan å gje nokon grunn. Alle personopplysingane dine vil då bli sletta. Det vil ikkje føre til nokon negative konsekvensar for deg dersom du ikkje vil delta eller seinare vel å trekkje deg.

### **Ditt personvern – korleis vi oppbevarer og bruker opplysingane dine**

Vi vil berre bruke opplysingane om deg til føremåla vi har fortalt om i dette skrivet. Vi behandlar opplysingane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket.

- Ingen andre enn den studenten som gjer intervjuet vil høyra lydopptaket. Intervjuet blir delt dei andre studentane på gruppa og eventuelt rettleiar når du er blir anonymisert på Word-dokument.
- Me vil gje deg eit falsk namn eller kode i Word-dokument.

### **Kva skjer med opplysingane dine når vi avsluttar forskingsprosjektet?**

Opplysingane blir anonymiserte når Intervjuet er nedskrive og anonymisert i Word. Dette er etter planen innan 30. april.

### **Kva gjev oss rett til å behandle personopplysingar om deg?**

Vi behandlar opplysingar om deg basert på samtykket ditt.

På oppdrag frå Høgskulen på vestlandet har personverntenestane ved Sikt – Kunnskapssektorens tenesteleverandør vurdert at behandlinga av personopplysingar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

### **Dine rettar**

Så lenge du kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i kva opplysingar vi behandlar om deg, og å få utlevert ein kopi av opplysingane,
- å få retta opplysingar om deg som er feil eller misvisande,
- å få sletta personopplysingar om deg,
- å sende klage til Datatilsynet om behandlinga av personopplysingane dine.

Dersom du har spørsmål til studien, eller om du ønskjer å vite meir eller utøve rettane dine, ta kontakt med:

- *Høgskulen på Vestlandet ved Kjerstin Sjursen.*
- Vårt personvernombod: *Trine Anikken Larsen. Mail: [Personvernombod@hvl.no](mailto:Personvernombod@hvl.no) hjå Høgskulen på Vestlandet*



Dersom du har spørsmål knytt til vurderinga av prosjektet frå Sikts personverntenester kan du ta kontakt via:

- e-post ([personverntjenester@sikt.no](mailto:personverntjenester@sikt.no)) eller telefon: 73 98 40 40.

Venleg helsing Student 1, student 2, student 3

*Kjerstin Sjursen      Student 1, student 2 og student 3.*

(Forskar/rettleiar)

-----  
-----

### **Samtykkeerklæring**

Samtykke vil bli gjort munnleg før intervju, tatt opp med lydopptak. Dersom intervjuobjekt ikkje gjer samtykke vil me stoppa lydopptak og intervju.



## Intervjuguide

### Innleiing

Formål: Hei! Takk for at du ville ta deg tid til å intervjuast. Problemstillinga til bacheloren vår er: *korleis legg barnehagehagelærarar til rette for sosial inkludering av barn med språkvanskar, i barnegruppa*. Formålet med vårt intervju er å verta kjent med ulike metodar for å prøve å inkludere barn med språkvanskar. Både kva som har fungert og kva som ikkje har fungert. Alder vil då verta dei som vanlegvis har utvikla verbalt språk i nokon eller stor grad. For å setja ei grense fokuserer me på barn frå ca 3 år og opp.

Anonymitet: Opplysningar om deg vert stemma di og at du har utdanning som barnehagelærer, i tillegg til informasjon om kor mange års erfaring du har i barnehage. Det blir berre me som skriv bacheloren som vil høyra opptaka. Me vil bruka telefonar til å ta opp lyd, ettersom intervjuet ikkje skal innehalda sensitive opplysningar om nokon. Opptaket vert sletta umiddelbart etter at me har skrive ned intervjuet i bacheloroppgåva. Intervjuguiden me brukar er søkt om og godkjent hos NSD (Norsk senter for forskningsdata). Me vil at barna som vert omsnakka ikkje på nokon måte skal kunna verta kjende att av oss.

Innhald og tid: Intervjuet kjem til å innehalde spørsmål rundt problemstillinga vår. Dette vert eit strukturert intervju, som vil seie me stiller alle intervjuobjekta dei same spørsmåla i den same rekkefølga (Vøllo, 2020). Me vil tillata oss å stilla oppfølgingsspørsmål for å få meir ut av enkelte svar. Intervjuet består av 10 spørsmål. Me antar at heile intervjuet vil ta omtrent 30 minuttar. Me vil setja maksgrensa til tidsbruk på éin time.

Samtykke: Det vil bli gitt munnleg samtykke i lydopptak.

## Intervju

### Samtykke

Samtykker du til at du blir intervjuet og at intervjuet blir brukt i vår bacheloroppgåva?

Samtykke: Intervjuet fortset.

Ikkje samtykke: Intervju og lydopptak blir stoppa.

### Erfaring:

1. Kor mange år har du jobba i barnehage?
2. Kor mange av åra du har jobba i barnehage har du hatt utdanning som førskule-/barnehagelærer?
3. Kor mykje erfaring vil du seie du har med å jobba med barn med språkvanskar?

### Metodar:

4. Har du erfaring med barn med språkvanskar som har hatt logoped/spesialpedagog? Veit du korleis / kan du seie noko om deira metodar for å utvikla språket eller den sosiale kompetansen til barnet?
5. Har du gjort konkrete tiltak for barn med språkvanskar? Altså metodar der barnet er direkte involvert. Døme: ein-til-ein øvingar for å utvikla språket / sosial kompetanse.
6. Viss du har gjort konkrete tiltak for barn med språkvanskar (spørsmålet over): Kva føler du har fungert i stor grad, med tanke på at du har sett god utvikling i barnegruppa?
7. Har du vurdert nokon av metodane/tiltaka (tilhøyrande spørsmål 6) som mislykka? Altså at det ikkje skjedde noko form for positiv utvikling?
8. Har du gjort tiltak der personalgruppa (på avdelinga) har jobba med felles metodar for at miljøet i barnegruppa vert meir inkluderande for barnet sin situasjon? Altså noko ein til dømes jobbar med saman med alle barna eller med det fysiske rommet på avdelinga? Har du vurdert nokon av metodane som vellykka (i den grad at ein har sett litt eller mykje utvikling)?

9. Har nokon av arbeidsmåtane til personalgruppa resultert i inga utvikling (som ein kan dokumentera)?
  
10. Eventuelt (om ikkje det har blitt tatt med i tidelegare spørsmål). Har du opplevd at planen vart mislykka/i mindre grad gjennomført på grunn av ustabilitet i personalet eller liknande?
  
11. Kva er i dine auge det viktigaste me har snakka om i dette intervjuet?
  
12. Er det noko meir du sit inne med som du vil sei?

**Avslutning:** Heilt til slutt vil eg summera opp kva me har snakka om i dette intervjuet. Me har snakka om ulike tiltak du har gjort med det enkeltbarn, kva tiltak personalet har gjort og ulike metodar du synast har fungert eller ikkje fungert.

Tusen takk for at du stilte opp! Du har no bidrege vesentleg til arbeidet vårt med denne bacheloren.

Referanseliste

Vøllo, M. (2020). *Slik lager du en intervjuguide*. <https://prosperastiftelsen.no/verktoy-slik-lager-du-en-intervjuguide/>

## Vedlegg 4 – Analyse av funn

	<b>Barnehagelæraren sin erfaring:</b>	<b>Metodar for å utvikla språket eller den sosiale kompetansen til barnet:</b>	<b>Kva fungerer:</b>	<b>Kva som ikkje fungerer:</b>
<b>A</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- 20-25 år i barnehagen</li> <li>- 15 år av dei som barnehagelærer</li> <li>- Mykje erfaring som ped.leiar og samarbeid med spesped. og logoped</li> <li>- Mykje erfaring med språkvansker</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Grupper</li> <li>- Ein-til-ein øvingar</li> <li>- Inkludere avdelinga</li> <li>- Øvingar</li> <li>- Spel</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Kartlegge</li> <li>- Gjere det kjekt</li> <li>- Sosialt samspel</li> <li>- Lage kortsiktige mål</li> <li>- mengdetrening</li> <li>- ASK - døme: PECS perm</li> <li>- Samarbeid med foreldre</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Sjukefråvær</li> <li>- Ustabil personale</li> </ul>
<b>B</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- 2 år som vikar medan hen var student + 2 år som barnehagelærer og pedagogisk leiar</li> <li>- Har samarbeida med spesialpedagog</li> <li>- Ikkje samarbeida med logoped</li> <li>- Mykje erfaring med barn med språkvanskar dei åra ho har jobba</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Språkkassen, språkkista, snakkepakken: ferdige spel o.l som ein brukar med ei lita gruppe barn</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Smågrupper der barna har ein god relasjon</li> <li>- Felles songar, regler</li> <li>- gruppelesing</li> <li>- Felles leik</li> <li>- ASK: lamineringsark med matvarer i lunsjen, dagtavler</li> <li>- Viktig med kompetanseheving</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Hen har vurdert ein-til-ein til ein dårleg metode - men nokon unntak (sosiokulturelt perspektiv)</li> <li>- Dårleg med fast personale</li> <li>- Sjukefråvær</li> <li>- Barn som overkøyrer "fokusbarnet" i smågrupper</li> </ul>
<b>C</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- 3-år utan utdanning</li> <li>- 28- år som barnehagelærer</li> <li>- Mykje erfaring med både spesialpedagog og logoped</li> <li>- Mykje erfaring med barn med språkvanskar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Ein- til- ein øvingar</li> <li>- Smågrupper</li> <li>- Språktrening smågrupper</li> <li>- Rutinesituasjonar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Fungerer veldig godt med smågrupper</li> <li>- ASK</li> <li>- Snakketavler/dagtavler</li> <li>- Påkledningsremser (garderobe)</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- For få vaksne=ikkje fått nytta seg av ulike hjelpemiddel på grunn av tid.</li> </ul>